



UNIVERSITETET I BERGEN

**Universitetet i
Bergen**
Institutt for
biovitenskap

Jobbnorge-ID: 105319

Søknadsfrist: Avsluttet

Nettside:

Omfang:

Varighet:

Professor/førsteamanuensis i fiskepatologi (2. gongs utlysing)

Ved Institutt for biologi (BIO) (<http://www.uib.no/bio>) er det ledig ei stilling som professor/førsteamanuensis i fiskepatologi. Dersom ingen av søkerne vert funne kvalifiserte som professor, vil dei kunne verte vurderte for ei stilling som førsteamanuensis. Det bør opplysast i søknaden om ei stilling som førsteamanuensis er av interesse.

Vi søker ein aktiv forskar med røynsle frå forskning og undervisning innan ulike sider av sjukdom hjå fisk med særleg vekt på kompetanse i patologi. Vi ønskjer ein kandidat som meistrer moderne metodar innan fiskepatologisk forskning, for å styrke den vitenskaplege aktiviteten og undervisninga på dette feltet ved instituttet.

Kvalifikasjonar

I vurderinga av søkerne vert det lagt vekt på erfaring i leiing av forskingsprosjekt, koordinering av forskingsaktivitet og erfaring frå forskingsstrategisk arbeid. Det vert vidare lagt vekt på dokumentert vilje og evne til samarbeid. Søkarane må og dokumentere evne til å skaffe eksterne forskingsmidlar.

I tillegg er det viktig at den som vert tilsett, er dugande til undervisning og rettleiing og har føresetnader for å delta i bygginga av eit konkurransedyktig lag som kan ta hand om forskning på fiskesjukdomar og undervisning i fiskepatologi.

Søkarane må ha oppnådd norsk doktorgrad innan biologi, veterinærmedisin eller eit anna relevant fagfelt, eller tilsvarande utanlandsk kompetanse, innan søknadsfristen er ute.

Pedagogisk basisutdanning er eit krav for stillinga. Den som vert tilsett, vil få tilbod om opplæring dersom kravet ikkje er oppfylt før tilsetjing.

Løn

Løn etter lønnssteg 70-78 (kode 1013) i staten sitt regulativ, etter kvalifikasjonar, for tida NOK 613 500-733 300 pr. år brutto.

Førsteamanuensar vert lønte etter lønnssteg 57 (kode 1011/LR 24.1) ved tilsetjing, for tida NOK 482 800 pr. år brutto. Vidare opprykk skjer etter tenesteansiennitet i stillinga (lønnssteg 57-65).

For særleg kvalifiserte søkarar kan det verte aktuelt å vurdere høgare løn.

Stillingsomtale

Ein stillingsomtale med nærare presisering av fagkrins og ansvarsområde, særlege plikter og andre forhold som det vert lagt vekt på ved tilsetjinga, finst lenger nede på sida.

Kontakt

Utfyllande opplysningar om stillinga kan ein få ved å vende seg til førsteamanuensis Andreas Steigen, koordinator for studiet i fiskehelse (telefon +47 55584242, e-post andreas.steigen@bio.uib.no) eller til instituttleiaren professor Anders Goksøyr (telefon +47 55584403, e-post anders.goksoyr@bio.uib.no).

Generelt

Undervisningsspråket er til vanleg norsk, men kan òg vere engelsk.

Professoren vert tilsett med plikt til å ta del i undervisning og eksamen etter dei studieordningane som gjeld til kvar tid, og til utan godtgjersle å rette seg etter dei endringane som gjennom lov måtte verte vedtekne om fagkrins, pensjonsordning og aldersgrense.

Den som vert tilsett, må rette seg etter dei retningslinene som til kvar tid gjeld for stillinga.

Vi oppmodar kvinner om å søkja. Dersom dei sakkunnige finn at fleire søkarar har tilnærma like kvalifikasjonar, gjeld reglane om kjønnskvolter i personalreglementet for vitenskaplege stillingar.

Den statlege arbeidsstyrken skal i størst mogleg grad spegle mangfaldet i folket. Det er derfor eit personalpolitisk mål å få ei balansert alders- og kjønnsamansetjing og rekruttere personar med innvandrarakgrunn. Personar med innvandrarakgrunn vert oppmoda om å søkje stillinga.

Universitetet i Bergen nyttar meirinnsyn ved tilsetjing i vitenskaplege stillingar.

Opplysningar om søkjaren kan offentleggjerast sjølv om søkjaren har oppmoda om å ikkje verta ført på søkerlista. Dersom oppmodinga ikkje vert teken til følgje, skal søkjaren varslast om det.

Søk stillinga

Send søknad og CV ved å klikke på knappen merkt «SØK STILLINGA» på denne sida.

Som vedlegg til søknaden må søkjarane laste opp dei vitenskaplege arbeida som dei ynskjer det skal verte teke omsyn til ved vurderinga, og ei liste over desse, i tillegg til attestar og vitnemål. Søkjarane må nemne dei arbeida eller delane av arbeida som det skal leggjast særleg vekt på ved vurderinga. Desse bør ikkje vere fleire enn 15 (10 for førsteamanuensis).

Søknader, sende på e-post til enkeltpersonar ved instituttet, vert ikkje vurderte.

Søknadsfrist: 5. oktober 2014

Stillingsomtale

Om instituttet

Institutt for biologi (BIO) er med sine 220 tilsette, og meir enn 600 studentar, eit stort og fagleg vidfemnande institutt med 13 forskingsgrupper innan fiskehelse, utviklingsbiologi, miljøtoksikologi, mikrobiologi, evolusjonsbiologi, biodiversitet, økologi og geobiologi. BIO skal bringe fram grunnleggjande og grensesprengande kunnskap om livet sitt opphav, utvikling, prosessar og system, og i tillegg bidra til å løyse dei store globale utfordringane. Om lag 2/3 av den vitenskaplege staben arbeider med marine problemstillingar. Undervisninga dekkjer tre bachelorprogram, eit masterprogram og eit integrert 5-årig profesjonsstudium i fiskehelse.

Gjennom samlokalisering og felles forskingsgrupper, er forskinga ved BIO tett integrert i biologisk forskning ved [Universitetsmuseet i Bergen](#), og med nokre av dei tematiske avdelingane i [Uni Research A/S](#). BIO held til i nye og moderne fasilitetar på Marineholmen, som nabo til [Molekylærbiologisk institutt](#), [Sars International Centre for Marine Molecular Biology](#) og [Industrilaboratoriet](#).

Om forskinga

Forskinga ved BIO er organisert i forskingsgrupper. Fleire av desse har aktivitetar som er relevante for den utlyste stillinga. Den som vert tilsett kan sjølv avgjere kva for ei forskingsgruppe ho/han vil arbeide i. Forskinga i fiskehelse/akvamedisin er både eksperimentell og knytt til feltarbeid. Dei viktigaste fagfeltene er immunologi, parasittologi, bakteriologi og virologi, kor til dømes metodar i molekylærbiologi, cellebiologi, anatomi/histologi/cytologi, bioinformatikk og evolusjonsbiologi vert brukte.

Fiskehelsemiljøet ved BIO er eit sentralt miljø i forskning og utdanning innan fiskehelse og i arbeidet for sunn fisk i norsk akvakultur. Internasjonale fagpaneler har evaluert gruppene si forskning til «very good/excellent».

Forskinga siktar mot å klargjere grunnleggjande sjukdomsprosessar og fremje nysgjerrighetsdriven vitenskap i fagområdet. Forskinga er viktig for akvakulturnæringa, særleg i produksjonen av oppdrettsfisk og interaksjonar med ville fiskebestandar. Forskingsgruppene i fiskehelse har eit godt utvikla internasjonalt nettverk og tek del i internasjonale og nasjonale viktige forskingsfelt knytt til produksjon av fisk til mat. Fiskehelse er eit veksande fagfelt ved UiB, som har som målsetting å vere i forskingsfronten nasjonalt og internasjonalt og leiande innan fiskehelseutdanning. Forskingsgruppene har svært moderne og velutstyrte forskingslaboratorium, inkludert spesialiserte fasilitetar til fiskeforsøk.

Stillinga sitt faglege fokus

Professoren skal forske på patologi hos fisk. Vi søker ein aktiv forskar med brei røynsle frå undervisning og forskning på til dømes årsaker til sjukdom (etiologi), mekanismar i sjukdomsutvikling (patogenese), dei strukturelle endringar i celler og vev som følgjer sjukdom (morfologiske endringar/lesjonar), og kliniske ytringsformer av sjukdom.

Undervisning lagt til stillinga

Profesjonsstudiet i fiskehelse er ei unik norsk utdanning som gir autorisasjon og rett til tittelen fiskehelsebiolog. Undervisning i profesjonsstudiet er lagt til stillinga. Den som vert tilsett, skal halde kurs i patologi hjå teleostar, både på topografisk og mikroskopisk (histologisk) nivå, med hovudvekta lagt på artar i oppdrett. Undervisningserfaring frå desse fagfeltene er derfor eit krav. I arbeidsoppgåvene inngår rettleiing og eksamenevaluering på alle nivå i universitetsutdanninga, administrasjonsoppgåver og formidling.

BIO er nyleg gitt status som senter for framifrå utdanning (SFU). Det er eit særskilt mål for oss å gi utdanning av høg kvalitet, å fremje nyskaping i undervisnings- og læringsmetodar og å godtgjere og spreie kunnskap om resultatet av dette arbeidet.

Krav til forskingskompetanse

Den som vert tilsett, må ha professor-/førsteamanuensiskompetanse i fiskepatologi. For å kunne bidra aktivt til å få i gang nasjonale og internasjonale prosjektaktivitetar, bør den som vert tilsett, ha eit internasjonalt forskingsnettverk. Vidare er det forventa at han/ho skal presentere egne forskingsresultat på konferansar og i høgt rangerte internasjonale tidsskrift.

Krav til undervisning

I samsvar med universitetet sine generelle reglar, skal den tilsette ta del i instituttet sine utdanningsprogram gjennom, mellom anna, undervisning og tilhøyrande eksamensarbeid. Såleis må den som vert tilsett, vere i stand og viljug til å spele ei aktiv rolle i undervisninga på bachelor-, master- og doktorgradsnivå. Vi forventar kompetanse til å kunne undervise i grunnleggjande relevante biologiske fag på profesjonsstudiet, med særskilt vekt på å vidareutvikle undervisninga i patologi.

Undervisningsspråket er til vanleg norsk. Det vert kravd at den som vert tilsett, kan undervise på norsk eller eit anna skandinavisk språk innan to år etter tilsetjinga.

Den som vert tilsett, må ha pedagogisk basisutdanning, men søkjarar som ikkje oppfyller dette kravet ved tilsetjinga, får tilbod om opplæring og må dokumentere at utdanninga er fullført innan eitt år etter dato for tilsetjing. Fristen er to år for den som ved tilsetjinga ikkje meistarar eit skandinavisk språk.

Vi viser til dei generelle reglane ved universitetet om at innanfor si normale arbeidsplikt og faglege kompetanse, kan den som vert tilsett, også verte pålagt undervisning, rettleiing og eksamensarbeid utanfor den organisasjonseininga stillinga er knytt til.

Ved Universitetet i Bergen vert pedagogiske kvalifikasjonar tillagt reell vekt ved tilsetjing i vitenskaplege mellom- og toppstillingar. Søkjarane må dokumentere sine egne pedagogiske kvalifikasjonar. Dette kan til dømes gjerast ved å sende inn:

- prov for gjennomført pedagogisk utdanning
- evalueringsrapportar av søkjarane si undervisning

- oversyn over undervisningsomfang og -nivå
- oversyn over master- og doktorgradsrettleiing og resultat
- mottekne studentprisar
- eigne pedagogiske publikasjonar
- eigne undervisningskompendium og undervisningsmateriell
- rapportar som syner deltaking i prosjekt knytt til utvikling av undervisning, så som alternative undervisningsformer, rettleiing eller læringsmiljø

Moderat kjønnskvolterung

Dersom det er søkjarar av begge kjønn med tilnærma like kvalifikasjonar, skal innstillingsmyndet, i tråd med kjønnskvolteringsreglane, sette den kvinnelege søkjaren føre den mannelege.

Tilleggsinformasjon**Arbeidssted:**